

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8295-1

Vurdering av trafikktryggingsutvalet

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Sogn og Fjordane fylkeskommune legg ned trafikktryggingsutvalet frå 20. oktober 2015.
- 2 Hovudutvalet for samferdsle overtek oppgåvene til trafikktryggingsutvalet.

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Som saksordførar i fylkestinget vert vald:

Vedlegg:

Reglementet for trafikktryggingsutvalet
Fråsegn frå trafikktryggingsutvalet

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

1.1 Innleiing

Etter vegtrafikklova § 40a har fylkeskommunen ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket.

I Sogn og Fjordane fylkeskommune har fylkestinget oppretta eit eige trafikktryggingsutval (FTU) som skal ivareta samordningsoppgåvene etter vegtrafikklova. Reglementet for utvalet, sist revidert av fylkestinget i 2003, ligg vedlagt.

Finansutvalet handsama i møte 28.01.15 «Økonomiplan 2016-19, arbeidsdokument 1». I pkt. 4.2 om «Konkrete utgreiingar» gjorde finansutvalet slikt samrøystes vedtak:

«I tillegg til utgreiingsoppdrag "Reduksjon i løyving til FTU-tiltak i kommunane" ber ein fylkesrådmannen førebu ei eiga politisk sak der ein vurderer å leggje trafikktryggingsutvalet sine oppgåver inn i hovudutval for samferdsle. Utkast til saksførelegg skal sendast FTU for uttale før saka vert fremja for politisk slutthandsaming.»

I samsvar med § 3 i reglementet for fylkestinget går saka direkte frå hovudutvalet for samferdsle til fylkestinget. Hovudutvalet for samferdsle må difor velje ein saksordførar som skal gjere greie for saka i fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt utkast til saksframlegg har vore framlagt for trafikktryggingsutvalet, slik finansutvalet la til grunn. FTU si fråsegn frå møte 10.09.15 ligg vedlagd.

1.2 Trafikktryggingsutvalet i dag

Trafikktryggingsutvalet er i dag eit underutval under hovudutvalet for samferdsle, jf. reglementet § 1. FTU skal vere eit rådgjevande organ for hovudutvalet og har dessutan avgjerdsrett på eitt saksområde; fordeling av midlar til trafikktryggingstiltak. FTU har elles ansvar for utarbeiding av Handlingsprogram for trafikktryggingsarbeidet i Sogn og Fjordane, som fylkestinget vedtek endeleg.

Som ein del av sams vegadministrasjon, har Statens vegvesen Region vest sekretariatsansvaret for FTU og har såleis ansvar for å førebu sakene til utvalet. Sekretariatet sender saksframlegga over til fylkesrådmannen, v/fylkesdirektøren for samferdsle. Det er såleis fylkesdirektøren som fremjar sakene for FTU.

FTU har fem medlemmer med varamedlemmer. Representantar frå etatar som arbeider med trafikk-trygging, t.d. Statens vegvesen, Fylkesmannen, politiet og Trygg Trafikk, kan inviterast til møta. Dei konsultative medlemene har ikkje framleggs- og røysterett.

I 2014 hadde FTU fire møte og handsama totalt tolv saker. Sju av sakene var orienteringssaker. Utvalet trefte avgjerd i berre fem saker, dvs. at sakene ikkje gjekk vidare til hovudutvalet for samferdsle. Så langt i 2015 (medio september) har utvalet gjennomført fire møte og treft avgjerd i fire saker. I april møtet handsama utvalet berre éi sak (orienteringssak). I junimøtet, som gjekk over to dagar, var utvalet på synfaring på Håbakken i Lærdal, på Filefjell og på Norsun i Årdal. Utvalet hadde ingen saker til handsaming på dette møtet.

1.3 Organiseringa av trafikktryggingsarbeidet i andre fylke

Av dei 18 fylkeskommunane i landet har 15 politisk samansette trafikksikringsutval. Finnmark og dei to Agderfylka har organisert trafikktryggingsarbeidet annleis.

I Finnmark fylkeskommune er det Hovedutvalg for Kultur og Samferdsel som er det politiske organet for trafikktryggingssaker. I Vest-Agder fylkeskommune er det Hovedutvalg for samferdsel, areal og miljø som har denne funksjonen. Der er det i tillegg oppnemnd ei tverrfagleg administrativ trafikktryggleiksgruppe, med politisk representasjon, samt konsultative medlemmer.

Aust-Agder fylkeskommune har ei administrativt samansett trafikktryggleiksgruppe. Ved behov deltek politikarar i planprosessar, aksjonar og liknande.

Dei 14 andre fylkeskommunane som har eigne trafikksikringsutval, har organisert utvala om lag som Sogn og Fjordane fylkeskommune. Trafikksikringsutvala er oftast samansett av 3 eller 5 medlemmer og har primært ei rådgjevande rolle overfor samferdsleutvala. Det er verd å merke seg at i fylkeskommunane i Østfold og Vestfold er trafikksikringsutvala personidentiske med hovudutvala som har ansvaret for samferdslesaker.

Det er Statens vegvesen som ivaretek sekretariatsfunksjonen overfor dei aller fleste trafikksikringsutvala.

2. Vurderingar og konsekvensar

Gjennomgangen over i pkt. 1.2 syner at FTU handsamar svært få saker. Hovudoppgåva til trafikktryggingsutvalet er å tildele midlar til trafikktryggingstiltakⁱ. Dette er ei oppgåve hovudutvalet for samferdsle like gjerne kan ta seg av innanfor den møtefrekvensen hovudutvalet har i dag.

Som nemnd har FTU også ansvaret for å utarbeide ein eigen trafikktryggingssplan. Då denne planen vart utarbeidd førre gong (2013), skjedde det parallelt med arbeidet med Regional transportplan for Sogn og Fjordane (RTP). Ved neste revisjon av RTP kan det, slik fylkesrådmannen vurderer det, vere føremålstenleg å leggje trafikktryggingssplanen inn som ein del av RTP. Trafikktryggingssutvalet vil i tilfelle miste denne oppgåva.

Innsparinga ved å leggje ned FTU er beskjedne. FTU melder i årsrapporten for 2014 at utvalet nytta kr 23 000,- på møteutgifter det året. Beløpet omfattar møtegodtgjersle, reiseutgifter, diettgodtgjersle, o.l. I tillegg kjem eventuelle utgifter til kurs og konferansar. Maksimalt er det årleg kr 50 000,- å spare på nedlegging.

Statens vegvesen Region vest har som nemnd sekretariatsansvaret for FTU. Dersom fylkestinget vedtek å flytte FTU sine oppgåver til hovudutvalet for samferdsle, vil Vegvesenet framleis, som ein del av sams vegadministrasjon, vere sekretariat for dei sakene som i dag sorterer under FTU. Nedlegging av FTU vil såleis ikkje påføre fylkeskommunen administrativt meirarbeid eller meirkostnader.

Sjølv om det ikkje er mykje å spare på nedlegging av FTU, tilrår fylkesrådmannen at fylkestinget vedtek dette og at oppgåvene vert flytta til hovudutvalet for samferdsle. Fylkeskommunen bør ikkje oppretthalde eit folkevald organ som handsamar så få saker og som har så lite politisk ansvar som FTU har i dag. Det er uansett hovudutvalet for samferdsle som har det overordna politiske ansvaret for trafikktryggingssarbeidet i fylket. Dersom FTU sine oppgåver vert flytta til hovudutvalet, må hovudutvalet ta meir reelt ansvar og vil på den måten tileigne seg meir kunnskap om dette viktige saksområdet. Fylkesrådmannen legg til grunn at Statens vegvesen ikkje vil nedprioritere trafikktryggingssakene ved ei eventuell organisasjonsendring.

Dersom fylkestinget likevel ønskjer å oppretthalde eit eige trafikksikringsutval, tilrår fylkesrådmannen at FTU vert personidentisk med hovudutval for samferdsle, slik tilfellet er i Østfold og Vestfold fylkeskommunar. Utvala vil i så fall kunne avvikle møte same dag og slik spare kostnader.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår prinsipalt at fylkestinget legg ned trafikktryggingssutvalet med verknad frå oppstart av den nye fylkestingsperioden. Hovudutvalet for samferdsle bør i tilfelle overta oppgåvene som i dag ligg til FTU.

Subsidiært tilrår fylkesrådmannen at fylkestinget endrar § 1 i reglementet for FTU, slik at FTU og hovudutvalet for samferdsle vert personidentiske.

ⁱ I budsjettet for 2015 er det sett av 5 MNOK til dette føremålet.